



Advokatfirmaet Høgseth DA
Litleåsvegen 41
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2420 - 20/16357

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
25.03.2020

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 443/11 Toska

Tiltak: Frådeling av parsell
Byggjestad: Gbnr: 443/11
Tiltakshavar: Kristoffer Toska

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 11.03.2020, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 041/20 Vedtak:

Areal plan og miljø tar klagen til følge og gir løyve til å dele fra hus nr 2 med hage og eit naust frå gbnr 443/11.

Grensene justeres slik at det kjem innanfor det som er kategorisert som bebyggd område i gardskart.

Det har tidligere blitt søkt om frådeling, og det blei då gitt løyve til det. Den gangen blei ikkje oppmåling og tinglysing gjort, og dispensasjonen falt bort.

Dei søker idag om same frådeling.

APM kan ikkje sjå at overordna endringa av arealformålet frå LNF til bustad er tilfelle i denne saka då arealendringa i praksis skjer når bustaden blei etablert som hus nr.2 på gardsbruket. Utfordringar med landbruksdrift opp mot eigedommen er ikkje utfordrande då dette er forhold rundt landbruk i drift som alt er tilstades. Utvalet ser ikkje at eventuelle ulemper med støy og lukt vil ha noko å seie i denne frådelings-saka, då hus på eigedommen er etablert i eit landbruksområde, og ved

eventuell framtidig omsetting av eigedommen vil dette vere openbert for kjøpar. Utvalet ser ikkje at frådeling av det omsøkte arealet vil medføre drifts- eller miljømessige ulemper for garden i eit langtidsperspektiv.

Tilkomstvegen til omsøkt parsell vil ikkje få endra bruk ved frådeling av bustad og naust. Det er ikkje spørsmål om å omdisponere dyrka mark, då det alt er ein hage der.

Areal Plan og miljøutvalget ser etter ei samla vurdering at fordelane er klart større enn ulempene ved å ta klagen til følge. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. Jordlova § 9 og 12.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag om frådeling etter jordlova - gbnr. 443/11 Toska

Mottakarar:

Advokatfirmaet Høgseth DA
Kristoffer Toska

Litleåsvegen 41
Toskavegen 504

5132 NYBORG
5936 MANGER